

Utvikling

Innhausting av eple og plommer foregår for fullt ute i felta. Det er nokre dagar i forskjell i modningstida mellom aust og vestlandet. Austlandet ligg nokre dagar før i



frammodninga, så kjem Hardanger og Lærdal, etterfølgd av Sogn og Nordfjord. Dette er ikkje unormalt og vil spreie innhausting av sortane over ei lenger periode.

Markedsmessig er det å spreie hausteperioden betre enn store mengder frukt som modnar til same tid over heile landet.

Foto: 'Jubileum' er ein av sortane som blir hausta på austlandet no.

Plommeviklar



Plommeviklaren kan gjere stort innhogg i konsumavlinga. Spesielt på austlandet er det vanleg å få besøk av viklaren. Det blir lagt egg ca midt i juni og framover. Egga blir så til ein larve som et inni plomma. Det er ikkje uvanleg å finne larva ved hausting, noko som ikkje er særleg salgsfremjande for norske plommer. Bildet viser ei plomme av 'Jubileum' med makk eller plommevikler.

Ugras

Gras og ugras

Unngå fresing framover mot ugraset. Det er fort at trea slepper epla om ein kjem nær dei no. Graset kan ein holde nede framleis, så det er lettare å gå i feltet ved hausting. Når avlinga er hausta ferdig kan ein på ny ta til med ugrasfresing. Blei det gode forhold for ugraset i kvileperioden bør ein ta eit par rundar før vinteren.

Bladgjødsling mot prikksjuka

Sprøyt ut ei blanding med 500 g/daa kalsiumklorid og 100 ml/daa Aminsol PS (plantebasert). Sprøyt ut kvar 7.-10. dag no fram til hausting.

I enkelte tilfelle kan fruktene sjå fine ut ved hausting, men at prikksjuka først blir synleg på lager. Det gjeld å gi kalsium ofte nok no framover. Det er også best effekt av kalsiumsprøytingane på slutten når epla «sveller» veldig og kalsium-innhaldet blir fordelt på eit større volum fruktkjøtt.


Rett haustetid -haustetidsmanual



Ved vurdering av rett haustetid ser ein både på utsjånad; dekkfarge (raudfarge) og grunnfarge som skal byrje å lysne mot gul for dei fleste sortar.

Bildet viser 'Katja' som manglar det siste på raudfargen og er framleis vel grøn i grunnfargen eller baksida av eple.

Dessutan måler ein vekt, sukkerinnhald (brix), stivelse og fastleik. Brixen seier noko om sukkerinnhaldet som er viktig for smaksopplevinga av frukta. Stiveinnhaldet viser kor moden/lagringsdyktig frukta er og fastleiken vil gå ned ettersom frukta modnar.



Stiveinnhaldet blir målt ved bruk av ei spesiell jodblending for frukttesting. Eple blir delt i to og dyppa i jodblendinga. Dess mørkare farge snittflata får, di meir umoden er frukta.

Bildet viser 'Discovery' der lite blåfarging tyder på fullmodning på treet og dertil kort lagringstid for eplet nedst til høgre.

Fastleiken er målt med eit stempel som blir pressa inn i fruktkjøttet. Når frukta modnar blir dei mjukare. For t.d. pærene er rett fastleik viktig ved hausting enn dei andre kriteria.

Verdiane for brix, stiveinnhald og fastleik blir deretter putta inn i ein formel som gir Streif-indeksen. Denne indeksen syner eit gjennomsnittleg bilete av utvikling og modning, slik at normalt vil verdiane gå ned under 0,15 ved rett haustetid. At frukta byrjar å smaka godt er ein god indikator for modning.

NLR har laga haustetidsmanual som er mogeleg å få kjøpt.



Hausting

Det er viktig å dialog med varemottakar, slik at ein haustar til rett tid. Det kan variere mellom sortane når rett tidspunkt er for hausting. Sortar som 'Discovery' og 'Katja' skal være mest mogeleg klar til butikk og eting ved hausting. Ein let då epla bli meir fullmodne på trea enn lagringsortar. 'Aroma' og 'Rubinstep' skal derimot lagrast ei tid og vi kan forlenge denne levetida med å hausta frukta mindre modne.

Behandling av eple

Unngå å klemme epla for hardt ved plukking. Det er i enkelte tilfelle mogeleg å sjå tydelege fingermerker på epla. Epla skal også leggst forsiktig ned i hausteutstyret og vidare i storkasse eller anna emballasje.



Inntransport til lagerhus på garden må skje med forsiktigheit. Dei fleste skader som oppstår på epla skjer før pakkeri. Ha tid nok til å hauste på ein skånsam måte.